

Ny debatt om skulestrukturen**10.08.2012**

Skulestarten er like om hjørnet og det er også ein ny debatt om skulestrukturen i kommunen. Rådmannen viser på heimesida til opplæringslova der utgreiing om endringar og fastsetjing av forskrift om opptaksområde for skulane skal sendast på høyring til aktuelle partar, Det vil truleg skje i novembr eller desember

Den politiske handsaminga av utgreiinga vil så skje i februar-mars neste år. Hvis nokon har merknadar og vil koma med inspel skal det skje skrifftleg til Rådhuset.

For 2 år siden sa sentrale politikarar at diskusjonen om skulestrukturen måtte leggjast død for all tid. Det vart mellom anna sagt at det ikkje var noko å tena på ei rasering.

I kommunestyret sitt vedtak er det sagt at det skal gjennomførast endringar først der der dette kan skje utan auka bemanning eller investeringskostnader.

Av Kristian Hus, HusnesNett